

Notat

Dato: 20.12.2018
Arkivsak: 2014/560-380
Saksbehandlar: sillyng

Til: Ungdommens fylkesutval

Frå: Silje Lyngstad

Oppdatering om ungdommens fylkesting frå administrasjonen

Invitasjon vert sendt ut til kommunanes postmottak og til koordinatorane for dei kommunale ungdomsråda torsdag 13. desember.

Administrasjonen har sendt Invitasjon til utvalsleiarane i utval for opplæring og helse, utval for miljø og samferdsel og utvale for kultur, idrett og regional utvikling. Det er og sendt til fylkesordførar. Ventar på svar.

Sak om rekneskap 2018 og budsjett 2019 finn de på sakslista på dette møtet, 19.-21. januar.

Administrasjonen ønskjer å understreke at det er viktig at UFU har eitt sosialt program på kvelden begge dagar, samt at UFU er synlege på desse. Slik ser ein til at ingen fell utanom og at det ikkje vert «klikkar». Samtidig vert det ikkje fating i gangane eller aktivitet på romma som kan forstyrre andre gjestar. Tenk på at det alltid er mange nye delegatar som kan kjenne seg usikre og som set pris på at det vert arrangert noko felles.